

**Notat**

Dato: 26.03.2019  
Arkivsak: 2018/16480-81  
Saksbehandlar: marsolh

---

**Til:** Fylkeseldrerådet

---

**Frå:** Fylkesrådmann

---

**Arbeidet med nytt reglement for medverknadsorgana**

Forslag til reglement for medverknadsorgana i nye Vestland fylkeskommune var oppe til handsaming i fellesnemnda sitt arbeidsutval 26.03.19. Relevante delar av saksframlegget og forslaget til nytt reglement ligg vedlagt til orientering. Møteprotokoll vil vere tilgjengeleg på eInnsyn og ePolitiker.

Reglementet skal vidare handsamast i fellesnemnda 23.05.19, før det vert endeleg vedtatt i fylkestinget 15.-16.10.19.

Fylkeseldrerådet har mogleiken til å skrive ein uttale som vil ligge ved vidare saksgang, dersom dette er ynskjeleg. Dersom dette er aktuelt må det i møtet 11.04.19 først settast fram forslag om dette, før de så stemmer over om de skal realitetshandsame forslaget, for deretter å eventuelt stemme over forslaget. Ein slik uttale må vere fylkesrådmann og sekretariatet i hende seinast 08.05.19.